



NN PARSELL 10 AS
Bjørkemoen 46
5709 VOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/857 - 19/8738

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
15.03.2019

Etterlyser årsrapport fettutskiljar - GBNR 212/141 NN PARSELL 10 AS

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport fettutskiljar for driftsår 2018. Frist for innsending av årsrapport var **01.02.2019** (jf vilkår i gitte løyve).

Anlegg ved gbnr 212/141 vart **ferdigmeldt 31.05.2018**. Tidsrom frå ferdigmelding til årslutt tilseier at anlegg skal være tømt 1-2 gonger for driftsår 2018. Det skal også være tatt minst ei logging av temperatur i denne perioden.

Som grunneigar og abonnent på avløpstenester i Lindås kommune har NN PARSELL AS hovudansvar for at det årleg vert sendt inn dokumentasjon på anlegg ved gbnr 212/141. Dokumentasjon skal vise at anlegg vert tømt iht gitte løyve, datert 19.01.2018, og at anlegg stettar krav til utslepp.

For anlegg ved gbnr 212/141 skal årsrapporter innehalde følgjande dokumentasjon:

- Årsrapport,
- driftsjournal,
- dokumentasjon på at det er utført tømning og logging av temperatur iht til gitte løyve,
- analyseprøve av utsleppsvatn, samt
- drifts- og vedlikehaldsrapport for anlegg.

Det er viktig at fett ikkje vert ført til slamavskiljar. Fetthaldig slam er spesialavfall og kan ikkje leverast til avløpsreisanlegg i Bergen kommune. Bergen kommune har gitt tilbakemelding om at dei har registrert at andre kommuner leverer fetthaldig slam. Bergen kommune ønskjer ikkje å ta imot forureina slam, da dette øydeleggar anlegga og påfører dei store drifts- og vedlikehaldskostnader. For å sikre at abonnentar i Lindås kommune i framtida kan få levere slam i Bergen, må vi sikre at utskiljaranlegg som har avløp til slamutskiljar ikkje fører fetthaldig avløpsvatn til slamutskiljaren.

Frist for innsending av årsrapport vert sett til: Torsdag 04.04.2019.



Førehandsvarsling og tilsyn:

På bakgrunn av manglende rapportering ser kommunen behov for å føre tilsyn med anlegg. Føremål med tilsyn, er få på plass gode rapporterings-, drifts- og vedlikeholdsrutiner for anlegg. I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift eit førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved gbnr 188/764. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – Varsel om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

NN PARSELL 10 AS

Bjørkemoen 46 5709

VOSS